

Litt info om Kvitfjell-turen.

Til no (12.06.06) er det 8 personar som har booka seg inn på turen, men det er ope for andre å vere med...noko som vi håpar det blir.

Gudbrandsgard Hotell hadde fullt frå fredag til laurdag.

Fredag til laurdag må vi bu på Kvitfjell Hotell. Det er booka 8 enkeltrom; pris kr 495,- inkl. frukost.

Dette hotellet ligg berre eit steinkast frå Gudbrandsgard. Her er det fleire ledige rom.

Det er reservert 8 enkeltrom på Gudbrandsgard Hotell frå laurdag til søndag. Det er dessverre ikkje fleire ledige rom denne helga, men vi står på venteliste.

Kvitfjell Hotell har god kapasitet, både fredag og laurdag.

På Gudbrandsgard fikk vi pris på kr 1000,- for overnatting, frukost, middag og greenfee (går ut frå at det er 1 greenfee sidan vi berre bur her 1 natt).

Det er allereie bestilt starttider på golfbana laurdag og søndag. Vi har fått stadfesta tid kl 11:00 og 11:10 begge dagane. Vi ventar i tillegg stadfesting på 11:20 for begge dagane.

Nokre av oss har tenkt å reise nedover tidlig fredag morgon slik at vi kan få ein runde også denne dagen.

Håpar at du vil være med på denne turen. Det blir lagt opp til uformell konkurranse med div. premiar i tillegg til heider og ære. Ikkje minst den sosiale delen av turen er hyggelig. Litt artig å oppleve litt andre baner enn Stokkenes også.

mvh.
Helge